

Årsmelding 2023/2024 - Gloppen ungdomsråd (GUR)



Medlemmar dette skuleåret:

Namn:	Reprenterer:
Nicolai Sandnes (Leiar)	4H-klubbane
Malene Henden Fridtun (Nestleiar frå mars 24)	Firda VGS
Torggrim Steigane	Firda VGS
Ida Sandven Kjesbu	Firda VGS
Hjalmar Humberst Lothe	GU
Abdinasir Masian Abdi	GU
Maija Andrea Holden Olsen	GU
Ingvar Ommedal Aa	Hyen skule
Marte Ommedal	Hyen skule
Mariel Eikeset Koren (observatør med talerett)	Kommunestyret
Vara:	
David Skjerdal	GU
Selma Hugvik	GU
Emil Ganc-Petersen	GU
Olai Eikenes Osland	Hyen skule
Viktoriiia Nosal	Hyen skule
Ina Marie Bakke Halvorsen	Firda VGS
Joakim Tenold Ølnes	Firda VGS
Nikolai Stave	Firda VGS



Øvst: Malene
Bakerst: Hjalmar, Joakim,
Torggrim og Ida
Midten: Åslaug
(sekretær), Åsaliv
(ungdomsinfluensar)
Abdi, Emil, Maija og Olai
Fremst: Nicolai og Marte

Bildet er tatt på ein felles opplæringsdag for alle ungdomsråda i Nordfjord i oktober 23. Dette var ein kjekk dag, der ungdomane vart kjent på tvers av kommunane, og fekk lære om å sitje i ungdomsråd.

Møte i ungdomsrådet

Rådet har dette skuleåret hatt åtte møter i perioden oktober til juni. Eit møte i mai vart gjort om til arbeidsmøte då rådet ikkje var vedtaksført, elles har oppmøtet vore godt. Møta er rett etter skulen på fredagar kl. 14.15 til 17.00, med pizza. Åslaug Haugset frå plan, byggesak og oppmåling er sekretær for ungdomsrådet. Ordførar har vore innom og helst på rådet, og kommuneleiinga har orientert om ulike ansvarsområde i kommunen og om rolla si når dei har hatt saker oppe i rådet.

Ungdomsrådet har i skuleåret 2023/2024 uttalt seg, eller gjort vedtak i desse sakene:

- Medverknadsverkstad 28. september
- Ungdata 2024 – val av spørsmål
- Nettverkssamling i Bergen – kven vil reise?
- Ungdomsrådet på Verdsdagen for psykisk helse 21. oktober?
- Innspel til KS
- Oppfølging av medverknadsverkstad
- Frivillegsentralen og 16. mai
- Oppfølging av samling for ungdomsråda i Nordfjordnett Ungdomens kulturpris 2023
- Budsjett og økonomiplan 2024
- Spelemiddelsøknader frå Gloppen 2024
- Planprogram for oppvekstplan
- Folkehelseoversikt 2023
- Val av leiar og nestleiar
- Trafikktrygging 2024
- Tildeling av tilskot frå UngEng
- Møtekalender 2024
- Delegeringsreglement for Gloppen kommune
- Kvalitetsmelding grunnskule 22/23
- Kulturskulen – utgreiing etter budsjettvedtak
- Fylkesting for ungdom
- Busstilbod
- Rangering av søknader til BUFDi
- Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (KIFF)
- Detaljereguleringsplan for Fjordfronten
- Skulereglement og permisjonsreglar

Ungdomsrådet har tatt opp desse sakene på eige initiativ:

- Det er for lite «henge-plassar» for ungdom på Sandane
- Spent/Treningslappen, fleire kurs?
- Meir bruk av Trivselshagen (hallane) til eigenorganisert aktivitet
- Elevar får ikkje gå på do i timen, og andre reglar på GU
- Betre utstyrsstipend til musikk-elevar
- Biogassanlegget på Byrkjelo – kor står saka?
- Opningstida på venterommet på Firda Billag

Ungdomsrådet fått orientering om desse sakene:

- Velkomen i Gloppen Ungdomsråd
- «Nyskapande aktivitetsanlegg» og Trivselshagen Bad og Idrett
- Tilskot til planlegging av skatepark på Sandane
- Kva jobbar elevråda med for tida? (fast post på saklista)
- Kartlegging av kva ungdomsskuleelevar vil lære om i folkehelse og livsmeistring
- Detaljereguleringsplan for Fjordfronten

Opplæring

Også dette skuleåret fekk elevane ved GU, ungdomstrinnet i Hyen og Firda VGS ein infotime rett etter skulestart om medverknad, elevråd og ungdomsråd. Dette er ein del av UngEng-prosjektet, og gir elevane betre innsikt i kva ungdomsrådet er før nye representantar skal veljast. Ein positiv effekt av dette er at fleire enn før har lyst å sitje i ungdomsrådet, og at dei som kjem inn veit meir kva dei går til.

Ungdomsrådet har fått opplæring lokalt, i tillegg til ei felles samling på Eid i oktober med alle ungdomsråda i Nordfjord.

Andre oppgåver og representasjon

- Ungdomsrådet prøvde å arrangere ein debatt for ungdom med lokalpolitikarane før valet, men det var ingen ungdomar som møtte opp. I staden vart det eit fint møte med god dialog mellom nokre frå ungdomsrådet og «vaksenpolitikarane».
- Ungdomsinfluensaren lagde ei flott presentasjon av toppkandidatane til dei politiske partia i Gloppen i samband med valet. Dette var ungdomsrådet sitt forslag, og det fekk nasjonal merksemd i media.
- Ungdomsrådet var med og fortalte på skulane om kva rådet er og kva dei driv med, før val av nytt elevråd og nye elevar til ungdomsrådet.
- Medverknadsverkstad for elevråd, ungdomsråd og tilsette i skule og kommune.
- Malene Henden Fridtun og Maija Holden Olsen var på nettverkssamling for ungdomsråd i Vestland i oktober 2023.
- Torgrim og Nicolai var delegatar på fylkesting for ungdom i Bergen, der det vart gjennomført val til Vestland Ungdomsråd. Torgrim stilte til val, men kom ikkje inn. Maija og Malene var med som observatørar.
- Ungdomsrådet deltok på Verdsdagen for psykisk helse 21. oktober, på Heradsplassen: Joakim heldt appell, Marte og Viktoriia hadde ansiktsmaling og Abdi og Hjalmar hadde stand for BUA.
- Maija, Emil og Abdi var med og planla og gjennomførte rusfri 16. mai i lag med frivilligsentralen. Dette vart eit vellykka arrangement! Maija var programleiar.
- Nicolai Sandnes representerte GUR i referansegruppa for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.
- Nicolai, Malene og Maija har vore med på møte knytt til nyskapande aktivitetssanlegg i Trivselshagen.
- Nicolai hadde eit avisinnlegg på trykk om framtida til Firda VGS.
- Viktoriia var med på innspelsmøte om skate- og aktivitetspark på Sandane.



- Nokre frå rådet var på synfaring på Nordfjord Aktiv for å sjå på kva dei kan tilby ungdom, og korleis vi ev. kan samarbeide om arrangement for ungdom.

Malene og Maija var på Sparebanken Vest si utdeling av midlar til gode føremål, og fekk med seg heim ein sjekk på 50 000 kr til BUA. Dette vart også eit fint avisoppslag i FT.